

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 91/2009**

av 3. juli 2009

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område
utanfor dei fire fridommene**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 40/2009 av 17. mars 2009⁽¹⁾.
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1298/2008/EF av 16. desember 2008 om skiping av handlingsprogrammet Erasmus Mundus 2009–2013 for å betre kvaliteten innanfor høgare utdanning og fremje tverrkulturell forståing gjennom samarbeid med tredjestatar⁽²⁾.
- 3) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2009 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkelf 1

I protokoll 31 til avtala artikkel 4 vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter artikkel 21 skal ny artikkel 2m lyde:

”2m. EFTA-statene skal med virkning fra 1. januar 2009 delta i tiltaksområde 1 og 3 i følgende program:
 - **32008 D 1298**: Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1298/2008/EF av 16. desember 2008 om skiping av handlingsprogrammet Erasmus Mundus 2009–2013 for å betre kvaliteten innanfor høgare utdanning og fremje tverrkulturell forståing gjennom samarbeid med tredjestatar (EUT L 340 av 19.12.2008, s. 83).”

⁽¹⁾ TEU L 130 av 28.5.2009, s. 36, og EØS-tillegget til TEU L 28 av 28.5.2009, s. 35.

⁽²⁾ TEU L 340 av 19.12.2008, s. 83.

2. Teksta i nr. 3 skal lyde:

”EFTA-statene skal bidra finansielt til programmene og tiltakene omhandlet i nr. 1, 2, 2a, 2b, 2c, 2d, 2e, 2f, 2g, 2h, 2i, 2j, 2k, 2l og 2m, i samsvar med avtalens artikkel 82 nr. 1 bokstav a).”

Artikkels 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2009.

Artikkels 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 3. juli 2009.

For EØS-komiteen

O.H. Sletnes

Formann

^(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.